




Aktsemdsvurdering Steinvik 2023



Innhald

Om konsernet Steinvik	1
Innhald og grunnlag for rapport.....	1
Prosess og fordeling av ansvar	2
Risikovurdering internt.....	3
Risikovurdering av leverandørar	4
Konklusjon - Tiltak på funn, førebygging og overvaking.	6
Dokumentet er styregodkjent av:	8

Om konsernet Steinvik

Rapporten omhandlar konsernet Steinvik. I resten av rapporten vil konsernet bli omtalt som Steinvik. Konsernet består av fleire selskap. Bru Eigedom AS, Steinvik Fiskefarm AS, Steinvik Fiskefarm Visningscenter AS, Barlindbotn Settefisk AS, Breivika Eigedom AS og Steinvik Rensefisk AS inngår i konsernet. Her er alle pliktige å rapportere ved openheitslova med unntak av Steinvik Rensefisk AS. Rapporten tar føre seg aktsemdsvurderingar som er gjort på grunnlag av konsernet sine leverandørar. Denne rapporten gjeld for perioden 01.01.2023 til 31.12.2023.

Steinvik har verksemd innan store delar av verdikjeda til produksjonen av atlantisk laks og aure. Barlindbotn Settefisk AS er lokalisert i Barlindbotn, nær Steinvik sitt hovudkontor Hopen. Her produserer Steinvik rogn til smolt. Konsernet har også eit nytt høgteknologisk gjennomstrøymingsanlegg for produksjon av postsmolt i Svelgen. Her er det også ei avdeling for tilvekst av rensefisk, der det no er tilvekst av berggylte. Dette anlegget vert drifta av Steinvik Rensefisk og Barlindbotn Settefisk. Steinvik Fiskefarm AS driv produksjon av matfisk i sjø. Steinvik Fiskefarm har 6 matfisk- konsesjonar, som vert drifta på 9 lokalitetar i Kinn og Askvoll. Produksjonen av matfisk er fordelt på lokalitetane : Hovden, Veiesundet, Klavelandet, Ålovra, Sveholmane, Seljeseth, Steinvik, Kviteskjæret og Hella. Målet er å produsere rundt 8000 tonn fisk i året. I tillegg har Steinvik Fiskefarm tilknytt eit Visningscenter med føremål å formidle havbruksnæringa til publikum i Kinn kommune og i områda/kommunane i nærleiken. Dette senteret er organisert under selskapet Steinvik Fiskefarm Visningscenter AS. Konsernet eig også anlegga der selskapa har produksjon. Desse er eigd gjennom eigedomsselskapet Breivika Eigendom AS og Bru Eigedom AS. Konsernet har kontroll på store deler av verdikjeda, noko som betyr at Steinvik kan strekke seg mot ein meir berekraftig produksjon i heile verdikjeda og tilpasse seg omgjevnadane.

Innhald og grunnlag for rapport


Grunnlaget for rapporten er innføringa av Openheitslova, som vart gjeldande i 01.juli 2023. Fleire av selskapa i konsernet er omfatta av denne lova. Dette medfører at konsernet må gjennomføre aktsemdsvurderingar i tråd med OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap. Målet er å førebygge menneskerettsbrot og usømelege arbeidstilhøve hjå selskapet, verksemda sine samarbeidspartnarar og nedover i leverandørkjeda. Nokon av områda i verdikjeda som generelt medfører ibuande risikofaktorar er: leverandørar for råvarer til fôr, produksjon av nøter og tauverk samt verftsindustrien i inn og utland.



Prosess og fordeling av ansvar

Steinvik gjennomfører aktsemdsvurderingar for dei leverandørane selskapet er i kontakt med og sjølv utførar forhandlingar med. Steinvik Fiskefarm og Barlindbotn Settefisk er ein del av Salmon Group. Dette betyr at det er eit skille mellom dei selskapa Steinvik Fiskefarm utførar forhandlingar med direkte og dei selskapa der Salmon Group inngår avtaler og kontraktar. Målet med denne organiseringa er å utnytte effekten av eit bransjesamarbeid, for å løyse felles utfordringar som medlemsselskapa har. På denne måten har Steinvik god nytte av nettverket Salmon Group, der eigarane er 57 små og mellomstore oppdrettarar i Norge. Salmon Group har som hovudføremål å oppnå stordriftsfordelar gjennom felles innkjøpsavtalar for selskapa i nettverket. Nettverket har faste tilsette som aktivt jobbar med å ivareta selskapa sine interesser knytt til innkjøp av varar, tenester samt oppfølging av leverandørane som Salmon Group til ein kvar tid har avtalar med. Dette førar til auka påverknadskraft og styrke i forhandlingar ovanfor leverandørane. Slagkrafta vil også bli sterkare i forhandlingar av prisar og tilpassingar av fôr. Dette har direkte ført til utviklinga av : «Salmon Group fôret», som legg vekt på berekraftige råvarer. Gjennom eit slikt nettverk står ein sterkare til å stille krav rundt sosial berekraft bakover i leverandørkjeda. Salmon Group si aktsemdsvurdering vil vere sentral for Steinvik, sidan nettverket forhandlar fram avtalar for store delar av innsatsfaktorane som går inn i Steinvik sin produksjon. Nokon av desse er fôr, rogn, vaksinar, medikament, gass med meir. Det er derfor naturleg at Salmon Group tar for seg gjennomgangen av selskapa som dei har framforhandla rammeavtalar med. Av Steinvik sine kostnader kjem bortimot 51% av kostnadene frå avtalar som er framforhandla av Salmon Group.

Fordeling av kostnader mellom avtaler



■ Avtaler Salmon Group ■ Avtaler Steinvik

Prosess

Proessen for gjennomføring av aktsemdsvurderingar:

1. Kartlegge ansvaret bedrifta har, og forankre ansvarlege retningslinjer hjå styret og i organisasjonen.
2. Undersøke og kartlegge faktiske og moglege menneskerettsbrot i leverandørkjeda og hjå underleverandørar gjennom risikovurdering.
3. Iverksette tiltak for å forebygge, avgrense eller i verste fall stoppe aktivitet som kan føre til menneskerettsbrot.
4. Overvake effekten som dei ulike tiltaka har.

Risikofaktorar



Risikofaktorane vil danne eit totalbilette for korleis risikoen til leverandøren er. På denne måten er det summen av risikofaktorar som fører til kva for kategori selskapa kjem i. Dei ulike faktorane er:

- **Bransjerisiko:** Nokre næringer og leverandørar av tenester, har høge risikofaktorar.
- **Produkt risiko:** Nokon av produkta har særskilt risiko knytt til produksjonsmetode og opphav til råvara.
- **Geografisk risiko:** Forholdet i eit bestemt land eller område. Geografisk risiko er ofte knytt til regelverk, styring, sosioøkonomisk og politisk kontekst.
- **Risiko på verksemdsnivå:** Risiko knytt til ein bestemt verksemd. Dette kan være svak styring, dårleg historikk når det gjelder menneskerettigheitar eller arbeidstakar rettigheitar.

Det er særleg næringsrisiko og landrisiko, som dannar grunnlaget for grovsortering av leverandørane. Sidan mange leverandørar høyrer til i same næring, har vi også brukt andre parameter i utveljinga. Dette inkluderer mellom anna risikoar knytt til felles bindingstilhøve, transaksjonsvolum og relativt transaksjonsvolum.

- **Bindingstilhøve:** Kor lett tilgjengeleg eit produkt er hjå ein leverandør, spelar inn på grad av avhengigheit til leverandør.
- **Transaksjonsvolum:** Totalt transaksjonsvolum frå Steinvik til leverandøren
- **Relativt transaksjonsvolum:** Tilhøvet mellom omsetnaden frå Steinvik og leverandøren sin samla omsetnad.

Alle desse faktorane kan gje ein peikepinn på om leverandøren følgjer gjeldande reglar for arbeidstakarar sine rettar, eller ikkje. Vidare har Steinvik vurdert nokon finansielle parametarar. Dette inneber mellom anna storleiken på omsetnaden til dei sentrale leverandørane våre. Vi ser på: påverkingskrafta vår, vår binding til leverandørane og tilhøvet mellom omsetnaden frå oss og leverandøren sin totale omsetnad. Med grunnlag i nemnde metode, har ein kome fram til ei liste med leverandørar som kan ha ein potensiell risiko.

Risikovurdering internt

Steinvik er tredjeparts sertifisert etter GLOBAL GAP (**GGN**) standaren, noko som stiller strenge krav til menneskerettar. Under Global GAP sertifiseringa vert det også gjennomført ein GRASP – revisjon. Dette er ein gjennomgang av de sosiale tilhøva i konsernet. Dette vil fungere som ein ekstern validering av Steinvik. Desse sertifiseringane kan ein finne i Global Gap sin database, GGN- nummera:

- | | |
|-------------------------------------|---------------|
| - Steinvik Fiskefarm | 4056186291240 |
| - Steinvik Fiskefarm Visningssenter | 4063061380739 |
| - Barlindbotn Settefisk | 4050373741112 |

Vi har også ein regel om at vi ikkje brukar innleigd arbeidskraft, men tilset folk på mellombelse kontraktar. Dei har då dei same rettane som dei andre tilsette. Vidare drifrar vi under Norsk Lov, noko som medfører at ein er godt innanfor krav etter aktsemdsvurderingane.

På grunnlag av tredjeparts sertifisering, norske lovar og dei interne prosedyrane selskapet allereie har, ser Steinvik ikkje nokon grunn til å gjennomføre og utarbeide fleire rutinar for å sikre seg og avdekke brot i høve til OECD si rettleiing for fleirnasjonale selskap og FN sine menneskerettar.



Risikovurdering av leverandørar

Steinvik hadde i 2023 nærare 650 leverandørar. I denne gjennomgangen har vi vurdert alle leverandørar der vi har føretatt over 500 000 kr i innkjøp. Dette vil seie at alle leverandørar der konsernet har innkjøp over ca. 1% av omsetninga til Steinvik Fiskefarm er inkludert i aktsemdsvurderinga. Dei utgjør totalt 91 leverandørar, som igjen utgjør rundt 96 % av konsernet sine totale leverandørutgifter.

Fase 1

I denne fasen vert leverandørane delt inn i grupper. Grupperingane er satt til: faste partnerar, selskap der Salmon Group framforhandlar avtalar, interne selskap eller leverandørar som er knytt til enkeltprosjekt. Dette fører til at vi sit att med 62 selskap der det vil bli gjort ei nærare vurdering. Dette er selskap vi ser på som faste leverandørar.

Fase 2

I fase 2 ser vi nærare på i kva for land selskapet har sitt hovudkontor i, samt geografiske område leverandør har aktivitet i. Vidare kartlegg vi selskapet si omsetning og Steinvik sitt relative transaksjonsvolum opp i mot omsetning. Ved å gå gjennom tilhøyrande sektorar til leverandørar og underleverandørar, får vi ein indikator på eventuell kompleksitet i leverandørkjeda og om det kan være potensiell ibuande risiko knytt til produksjonen. Blir leverandøren også påverka av openheitsloven er dette noko som også blir tatt med i vurderinga.

Leverandørane til Steinvik er delt inn i desse gruppene:


Tenester: I denne kategorien kjem selskapa som indirekte hjelper til med produksjonen. Dette er leverandørar som ikkje har direkte innsatsfaktorar til produksjonen, men som leverer tenester som transport av fisk, bistand til operasjonar samt vaksinerings av fisk. Dei ibuande risikoane i denne kategorien, er verft som leverandøren har brukt til produksjon av båtar samt korleis dei har lagt til rette for bruk av innleigd arbeidskraft.

Produsent: Desse produserer varer som direkte påverkar Steinvik sin produksjon. Dette er enten som leverandør av utstyr til matfisk eller settefisk, samt produksjon av smolt og rensefisk. I denne kategorien kjem fleire av selskapa Salmon Group har gjort aktsemdsvurderingar rundt.

Leverandør: I Steinvik sitt tilfelle, er dette leverandørar som er med på tilverkinga og vedlikehald av selskapet sine anlegg på land. Dette er primært anlegga i Svelgen og Barlindbotn.

Forhandlar: Dette er forhandlarar av varer, og som ikkje tilfører verdi til vara. I dette tilfellet er utstyr og bunkring dei største produkta hjå konsernet. Her er det avgrensa kor mykje Steinvik kan påverke forhandlarane våre av varer, gjeve storleiken vår i forhold til dei.

Type Leverandør



Gjennom kartlegginga i fase 2, kan ein vurdere om selskapet har ein mogleg ibuande risiko som er kjend i enten landet, næringa eller produkt-porteføljen selskapet har tilknytning til. Basert på dette, sit vi att med 25 av 62 leverandørar som blir definert i grupper med mogleg risiko basert på faktorar i verksemda eller hjå underleverandørar. Av desse 25 leverandørane, har 24% av dei deler av verksemda i utlandet, og 60% av selskapa er sjølve omfatta av openheitslova.

Fase 3

I fase 3 ser vi nærare på dei ulike leverandørane som er med i denne fasen, Hensikten er å plassera dei i dei ulike risikokategoriane og gjennomføre aktsemdsvurderingar av selskapa. Vi kategoriserer dei i tre ulike grader : låg risiko, middels risiko og høg risiko. Grunnlaget for klassifiseringa er:

Låg risiko: Norske leverandørar med ein tredjepart sertifisering, eller har utarbeida ein omfattande berekfra rapport etter GRI standarar, eller rapport i tråd med openheitslova. Også leverandørar av forsikring, pensjon, finans, bank og IT med norske kontor, er selskap som automatisk vil enda opp i denne kategorien.

Middels risiko: Selskap som er norske, men som har lite tilgjengeleg informasjon og som er knytt til ein av dei ulike risikokategoriane.

Høg risiko: Selskap som vil bli gjort nærare vurderingar av, og som har verksemd i utlandet og i land med mogleg risiko etter «[CSR Risk Check](#)» indeks. Dette er ei nederlandsk plattform som brukar 3375 datakjelder for å danne ein score basert på ESG-faktorar for ulike land. Selskap som heller ikkje har tilstrekkeleg offentleg informasjon eller kjente sertifiseringar vil også bli gjort ein nærare gjennomgang av.

Sentrale faktorar i vurderinga er om verksemda har offentleg informasjon om moglege risikoar, og eventuelle tiltak som planleggast for å utbetre desse sosiale risikofaktorane. Dette gjeld ofte:



- HMS
- Menneskerettar
- Tilsettingstilhøve
- Mangfald og likestilling
- Tiltak av innkjøpspraksis etter aktsemdsvurderingar
- Etikk og integritet

Dei selskapa som har hamna i kategoriane med middels eller høg risiko har blitt gjennomgått nærmare. Her inngår vi dialogar for å hente inn dokumentasjon rundt dei moglege risikoområda som har gjort at dei har hamna i denne kategorien. Av selskap vi har gjennomgått, er det 5 selskap vi kjem til å forhøyre oss nærmare om. Desse har faktorar som tilseier ein mogleg høg risiko.

Gjennomgangen er i fyrste omgang gjort gjennom spørjeskjema og samtalar. Så langt er det ikkje avdekka kritiske funn rundt sosial berekraft hjå leverandørane der Steinvik forhandlar fram innkjøpsavtalar.



Desse grafane er fordelinga av risikoen for de ulike selskapa som vart kartlagt i fase 3. Vidare er grafen: «del av leverandøromsetnaden» ein oversikt over leverandørane i fase 2 og det relative transaksjonsvolumet vårt.



Konklusjon - Tiltak på funn, førebygging og overvaking.

Gjennom aktsemdsvurderingane er ein større del av kundane blitt kartlagt. Hjå Steinvik er det eit klart skilje mellom dei leverandørane Steinvik forhandlar fram avtalar med, og dei som Salmon Group framforhandlar innkjøpsavtalar med. Salmon Group har inngått rammeavtalar med leverandørar som står for de største kostnadane som er knytt til produksjonen. Dermed er det naturleg å trekke inn deira utgreiing rundt openheitslova. Denne kan ein finne på nettsida deira (www.salmogroup.no).

Her kjem det fram at den største ibuande risikoen er i produktkategorien fiskefôr. Fôret består av fleire råvarer, inkludert fiskemjøl, fiskeolje, mikroalgar og soya. Soyaproduksjon har historisk ofte vore forbunde med stor belastning på naturressursar, svekka biomangfald, og dårlege arbeidstilhøve hjå bøndene. Transport av soya inneber også store klimautslepp, så lenge det vert brukt fossilt brensel. Produksjon av fiskemjøl er gjerne avhengig av internasjonal fiskeriverksemd, der det ofte er vanskeleg å vite om marint råstoff er innhenta under «IUU fishing» (ulovleg, ikkje regulert og ikkje registrert fiske) – vilkår. IUU utgjer ein kjend risiko for overbelastning av fiskebestandar, menneskehandel og brot på arbeidsvilkår. Her har Salmon Group i lang tid jobba målretta for å oppnå eit berekraftig fôr gjennom sin fôrresept. Og setter absolutte krav til å ha sertifiserte marine råvarer i «SG-fôret». Langsiktige kontraktar med seriøse leverandørar, gjev innsikt i deira underleverandørar som igjen vert følgde opp gjennom revisjonar. Dette arbeidet reduserer den ibuande risikoen knytt til leverandørane og underleverandørane.

Steinvik og Salmon Group set i verk tiltak basert på grad av alvor, sannsyn og moglegheit for oppattretting. I tråd med dette har vi etablert ein rutine der vi følgjer opp leverandørane våre basert på deira risikokategori. Sidan Salmon Group har langvarige kontrakttilhøve og fast dialog med våre leverandørar, samt at dei forhandlar på vegne av ei relativ stor gruppe innkjøparar, har dei ei stor påverknadskraft. Og dei kan over lenger tid jobbe med tiltak for å betre tilhøve i leverandørkjeda.



Fleire av Steinvik sine leverandørar er lokalt forankra. Dette gjev oss moglegheit for eit tett samarbeid med hyppig og god kontakt. I Salmon Group sin gjennomgang, har dei motteke informasjon om auka risiko i produksjonen av råvara Guar i India. Dette utgjer ein alvorleg risiko, der leverandøren vil jobbe for å hente inn meir informasjon. Om det vert avdekt problem knytt til sosial berekraft vil Steinvik og Salmon Group sette krav for å kunne utbetre dette hos leverandøren.

Totalt sett har Steinvik gjennom aktsemdsvurderingane fått ei større oversikt over moglege risikofaktorar hjå leverandørane. Etter forgje rapport har konsernet kartlagt selskap som etter aktsemdsvurderinga hadde ein potensiell ibuande risiko. Kartlegginga har konkludert i at det ikkje har vore nødvendig å gå vidare med å iverksette krav opp i mot leverandørane for å utbetre noko. I møte med nye leverandørar stiller vi krav for å oppretthalde OECD sine retningslinjer. Krava vi stiller i avtalane våre, er også med på å få ned risikoen for brot på menneskerettar og arbeidstakarvilkår i leverandørkjeda.



Dokumentet er styregodkjent av:

Godkjent av styret 8. juli 2024 og er gjeldande for selskapa i Steinvik:

Steinvik Fiskefarm AS

Barlindbotn Settefisk AS

Steinvik Fiskefarm Visningscenter AS

Bru Eigedom AS

Steinvik Rensefisk AS

Brevika Eigedom AS

Signert av:




Alf-Helge Aarskog
Styrets leiar




Inge Helge Vassbotten
Styremedlem



Alex Vassbotten
Styremedlem




Vidar Vårdal
Styremedlem



Gaute Vassbotten
Styremedlem



Erlend Vassbotten
Dagleg leiar
Steinvik Fiskefarm



Reidar Haugen
Dagleg leiar
Barlindbotn Settefisk

